

Johan Daae Quale samla over 40!

Over 40 personar hadde funne vegen til Historielaget si kveldsete på Kyrkjetoget sist onsdag. Laget hadde fått Johan Daae Quale frå Solnør som inspirerande foredragshaldar med temaet "Tyssa under siste verdskrigen.". Han hadde sett seg grundig inn i det som gjekk føre seg då tyskarane inntok Tyssa og bygde opp eit relativt omfattande festningsanlegg der. Vi fekk historia frå start til mål – der Johan fortalde på ein frisk og levande måte om situasjonen for dei som fekk husa sine rekvirerte av tyskarane og det tyskarane bygde opp og nytta utover i krigsåra. Kart med forklaringar hadde han med seg. Den omfattande minelegginga på Tyssa var større enn dei fleste nok hadde tenkt seg. Rett spanande måtte det vere då Perane frå Skodje vandra opp frå sjøen og unngjekk å verte sprengde i filler! Vi fekk ein historietime der "læraren" sjølv hadde mange eigenopplevde hendingar som krydra foredraget. Vi fekk også mange og interessante glimt frå krigstida på Solnør. I etterkant av foredraget var det kaffi og god "drøs" rundt borda. Jon Slyngstad var frampå med ei historie om øvingsskytinga til tyskarane i retning og mot området ved skulen på Furstranda. Leif Fagerlid minnest tyskarane sine transportar mellom Tyssa – Sjøholt og Husmorskulen. Rett ein triveleg kveld med godt innslag av folk frå Tyssa. Tusen takk til Johan som ga oss mykje god lokalhistorie.

Ragnar Bakken – sekr. ØH -